

REGIO360 AS
Mjølnerveien 22
1540 VESTBY

Dato	03.08.2023
Vår referanse	2023/60310-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Jostein Aksdal, Lars Øyvind Birkenes,l
E-post	Jostein.Aksdal@vlfk.no
Telefon	90207124

Kulturminnefagleg vurdering av trase Granvin-Bu.

Vestland fylkeskommune viser til kontakt i saka og melder attende at me no har fått gått opp deler av kraftlinetraseen som er under planlegging.

Voss/Granvin

Her tek traseen til nede på flata rett sør for elva Hyrpo. Synfaringa her viser eit steinete og mykje flaumpåverka landskap. Traseen går vidare vidare søraustover og opp lia attmed vegen til Tveito, og går vidare parallelt med eksisterande linje i lia sør for elva ved Stokksel. Det er vår vurdering at området har lite potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Ved stølsområdet på Stokksel vart det ikkje gjort observasjonar av automatisk freda kulturminne. Stølsvollen ligg godt 350 meter nord for traseen.

Ulvik

Traséen går vidare frå Stokksel, passerer grensa til Ulvik og fortset vest for Hallangerstølen Dalsete og aust for stølen Tjødnarhaug. Ingen observasjonar av automatisk freda kulturminne i nærleiken av linjetraséen. Med omsyn til eventuell visuell påverking i samband med stølsmiljøa er dette lite merkbar. Mastene er i dag av tre og er knapt synlege på avstand. Dersom det er tenkt annan materialbruk for master til 132 kV-line, bør ein vere merksam på at visuell effekt på stølsmiljøa vil vere større. Eventuelt kan det kompensast med fargeval som går meir i eitt med naturen omkring. Lengre ned mot Vallavik går linjetraséen over eit eldre stølsmiljø, Espehovden. Her er det tre tufter etter stølsbygningar liggande på eit flatare parti i fjellsida. Ingen av tuftene er direkte råka av noverande punkt. Ei av tuftene, ligg om lag 25 meter NNV for mastepunktet som står 526 m.o.h.

Eidfjord

Me har heller ingen merknader med omsyn til landfall på Eidfjordsida.

Vestland fylkeskommune ber om at ein idet vidare arbeidet tar omsyn til desse kulturminna ved etablering av nytt mastepunkt. Me har elles ingen andre avgjerande merknader på noverande tidspunkt slik saka til no er presentert.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Jostein Aksdal
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Per Ivar Trollnes Tautra

Fra: Lars Øyvind Birkenes <Lars.Oyvind.Birkenes@vlfk.no>
Sendt: torsdag 10. august 2023 14:45
Til: Per Ivar Trollnes Tautra
Kopi: Karoline Hareide Breivik; Jostein Aksdal
Emne: Kulturminnefagleg vurdering av kraftleidningstrasé Granvin - Bu - nytt traséalternativ

Hei.

Vestland fylkeskommune har vurdert det nye traséalternativet (alternativ 2) som lite konfliktfyllt med lågt potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det vil ikkje bli stilt krav om § 9 undersøkingar verken på alternativ 1 eller alternativ 2 ut frå observasjonane som vart gjort i felt og ut frå kart- og arkivmateriale. Med omsyn til Espehovden så er ikkje noko i vegen for å nytte dei eksisterande mastefesta då desse ligg ein heil del lågare i terrenget enn den nemnde tufta som har fått id. nr. 300133 i Askeladden.

Med helsing

Lars Øyvind Birkenes
seniorrådgjevar
arkeolog

seksjon for kulturarv
avdeling for kultur og folkehelse



Tlf: 984 81 284
www.vestlandfylke.no

BKK AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Att.Per Tautra

Dato	11/01/2024
Vår referanse	2023/60310-6
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Jostein Aksdal
E-post	Jostein.Aksdal@vlfk.no
Telefon	90207124

Ny 132 kV kraftleidning Granvin - Bu - alternativ med kabelanlegg i Granvin

Vestland fylkeskommune, arealplan viser til dykkar e-post 09.01.2024 med varsel om etablering av kabelanlegg i samband med ny 132 kV linje.

Området som endringa gjeld er synfare av fylkeskommunen i samband med forslag til luftspenn. Me fann då ingen spor etter automatisk freda kulturminne i området. Ved etablering av kabel i staden for luftspenn skal kabelen leggst i vegen – dette er då areal som har lite potensiale for funn av kulturminne ned i bakken.

Oppsummert så har Vestland fylkeskommune som delegert kulturminnemynde ikkje kjennskap til kulturminneverdiar, som kan bli råka. Me vurderer og potensialet for nye funn som lågt i det området tiltaket er tenkt etablert i. Me har slik ikkje merknader til ei eventuell endring.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Jostein Aksdal
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift